

MØTEREFERAT

PROSJEKT Kommundelplan for Gol sentrum	PROSJEKTLEDER	DATO 31.10.2017
PROSJEKTNUMMER 50721001	OPPRETTET AV Signe Vinje	

STED Gol kommune	DATO 31.10.2017	TID
DELTAKERE Svein Eide, Hanne Cecilie Nes, Staffan Landsmann Wiwe, Jørn Magne Forland Espen Motzfeldt Drange, Signe Vinje	Gol kommune Sweco Norge AS	

Vedlegg:
 Forslag sentrumsavgrensing
 Liste over innspel

Referat frå arbeidsmøte

Gjennomgang av fullførte analyser

Eignaheitskartet og trafikkanalysen blei gått gjennom og avklart at det blir lagt til grunn for det vidare planarbeidet.

Oppfølging: Gol kommune sender trafikkanalyse for reguleringsplan til Sweco. Sweco ferdigstiller analysane og sender til Gol kommune.

Utkast til sentrumsavgrensing

To forslag til sentrumsavgrensing blei drøfta. Forslag 1 blir vidareført i planarbeidet. Sentrumsavgrensinga følgjer opp dei overordna føringane, og inkluderer dagens sentrumsareal ned til elva, med unntak av Nortura, kommunehuset og Golreppen. Sjå vedlegg.

Vidareføring av eksisterande planar

Tilhøvet til eksisterande planar må avklarast i planen (når skal kommunedelplanen gjelde framfor eksisterande planar). Alternativ drøfta:

- Planar eldre enn eit visst årstal skal vurderast om skal gjelde.
- Planar som ligg innanfor raude område i eignahetskartet skal vurderast om skal gjelde.
- Planar som ikkje har ROS-analyse skal vurderast om skal vidareførast
- Vidareføre alle planar, men sikre manglande kvalitetar med føresegner og eventuelt omsynssonar.

Konklusjon: Ingen konklusjon.

Oppfølging: Kommunen vurderer alternativ. Sweco sjekkar opp korleis dette er løyst i andre planprosessar.

Gjennomgang av innspel til konsekvensutgreiing

Innspela blei gått gjennom og grovsila kva som skal gå til konsekvensutgreiing.

Innspel som ikkje er ei endring av eksisterande arealbruk i kommunedelplanen, som ikkje er retta mot arealbruk, som ikkje er detaljvklart og som ikkje er vesentleg i strid med kommunens og nasjonale føringar for arealbruk.

Aktuelle friluftsområde må vurderast undervegs.

Konklusjon: Liste over innspel blir lagt ut på kommunens heimesider.

Oppfølging: Gol kommune sender ein oversikt over areal som kommunen vurderer bør endre arealføremål, til dømes aktuelle område for vidaregåande skule og areal som skal vere friluftsområde. Sweco lagar liste over innspela og startar konsekvensutgreiinga.

Analyser

Buskerud fylkeskommune har tilgjengelege midlar for sentrumsretta analysar. Aktuelle analysar som blei drøfta var:

- Gatebruksutgreiing (kollektiv, gåande, syklande) med barnetråkk
- Handelsanalyse: Næringsareal
- Fortettingspotensiale i sentrum

Konklusjon: Det blei ikkje konkludert om kva analyser som er aktuelle.

Oppfølging: Gol kommune tek kontakt med Buskerud fylkeskommune for å avklare rammer for løyvingane.

Framdrift

Sweco vurderer at prosessen er i samsvar med framdriftsplanen. Følgjande hendingar kan få konsekvensar for framdrifta:

- Me må handtere fleire arealinnspel undervegs
- Vidare arbeid må vente på konklusjonane frå utgreiingane

Konklusjon: Framdriftsplanen blir ikkje endra no, men vil kunne måtte justerast etter kvart.

Andre tema

- Bekkar skal visast på plankartet av omsyn til ROS, eventuelt med ei omsynssone/føresegner om byggegrense.
- Gol kommune kjem med innspel på kva arealføremål som skal inn i området som er unntatte rettsverknad i eksisterande kommunedelplan.

- Nytt møte blir når konsekvensutgreia nærmar seg ferdig, i desember eller tidleg i januar.

Referent: Signe Vinje

Godkjent av

[Namn] Gol kommune